

Alver kommune Plan og byggesak
Are Frøysland Grande

Referanser:

Dykkar: 3291b552-891b-4394-85b0-3a8e93c14512

Vår: 20/19217 - 21/883

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

07.01.2021

Uttale søknad om frådeling av tomt med eksisterande bustad - gbnr 1/14 Flatøy

Tiltak: frådeling av tomt med eksisterande fritidsbustad
Byggestad: Flatøyvegen 210 – Gbnr 1/14
Tiltakshavar: Jan Egil Sundt
Ansvarleg sækjar: Advokatfirmaet Hammersvoll Pind DA

Saka gjeld søknad om løyve til frådeling av tomt med eksisterande bustad.

Uttale – frådeling av tomt med eksisterande bustad:

Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale i samband med frådeling av tomt med eksisterande fritidsbustad.

Fritidsbustaden har avkjørsle direkte frå kommunal veg. Avkjørsla har eksistert siden bygget ble etablert. Det er, ifølgje søkar, ikkje innhenta løyve til avkjørsle for tomta som er tenkt delt i frå. Etter det vi forstår er føremål med delinga å dele frå ei bustadtomt. Ved bruksending må ein innhente nytt avkøyringsløyve frå kommunal veg.

Vegmynde har følgjande merknad til eksisterande avkjørsle:

Avkjørsla og parkeringsplass som er vist på innsendt situasjonskart datert 10.11.2020 stettar ikkje dei krava ein har til avkjørsle frå offentleg veg. Parkeringsplass er etablert slik at kjøretøy må rygge ut i eller inn frå kommunal veg.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Av omsyn til trafikktryggleik i og langs offentleg veg er det sett krav om etablering av snuareal på eigen grunn. Krav er sett for å unngå at det vert rygga ut i/inn frå kommunal veg.

Samferdel, veg-, vatn- og avløp forvaltning vil, med heimel i Veglova §§ 40-43, sette krav om at avkjørsla vert utbetra slik at den stetter krav som Vegdirektoratet har fastsett i regelverk:

- Avkjørsla skal utbetrast slik at den stettar tekniske krav som er fastsett av Vegdirektoratet i forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt Vegnormal N 100. Det vert blant anna sett krav til avkjørsla sin geometriske utforming, svingradius, sikt, drenering under avkjørsla og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og
byggesak